

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Innkalling til møte i kontrollutval - Solund kommune

Utval: Kontrollutval - Solund kommune
Møtedato: 10.6.2014
Møtetid: 11.00
Stad: Møterommet – Bankbygget.
Møtenr.: 2/2014
Innkalling: Faste medlemmer i utvalet.
Revisor i sak 10
Rådmann og evt. økonomisjef i sak 10.

Melding til: Ordførar(møterett), revisor(møterett) og varamedlem.
(Varamedlem møter etter nærare innkalling).

Dersom du ikkje kan møte, gje melding på e-postadresse: post@sekom.no eller telefon 975 81 418.

SAKLISTE

08/14 Godkjenning av innkalling og sakliste
09/14 Skriv og meldingar
10/14 Årsrekneskapen 2013 – Solund kommune
11/14 Forvaltningsrevisjon – val av nytt prosjekt
12/14 Oppfølgingsliste 2 – Solund kommune
13/14 Eventuelt

Rune Steinsund (s)
Leiar

Arnar Helgheim
SEKOM-sekretariat

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 Førde	Hafstadvegen 42	post@sekom.no	97170064 57612785	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

08/14

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

<i>SEKOM-sekretariat</i>	
Sakshandsamar:	Arnar Helgheim

Utval	Dato	Saksnr.	Vedtaksorgan
Kontrollutvalet i Solund	10.6.14	8/14	Ja

Vedlegg:

Andre dokument (ikkje lagt ved):

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Kontrollutvalet si handsaming:

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

09/14

SKRIV OG MELDINGAR

<i>SEKOM-sekretariat</i>	
Sakshandsamar:	Arnar Helgheim

Utval	Dato	Saksnr.	Vedtaksorgan
Kontrollutvalet i Solund	10.6.14	9/14	Ja

Vedlegg:

SM 08/14: KRYSS revisjon 28.5.14: Status revisjonsprosjekt – Sjukefråvær og system for oppfølging. Forventa ferdig i løpet av juni.

Andre dokument (ikkje lagt ved):

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

Skriv og meldingar vert tekne til orientering.

Kontrollutvalet si handsaming:

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Arnar Helgheim

SM 08/14

Fra: Stig Årdal
Sendt: 28. mai 2014 13:08
Til: Arnar Helgheim
Kopi: Charles Litsheim
Emne: Status revisjonsprosjekt

Hei
Viser til spørsmål om statusoppdatering for prosjektet «Sjukefråvær og system for oppfølging», i Solund kommune. Rapporten er nå sin avslutning, og problemstilling 2, med spørsmål om system for registrering av sjukefråvær, revisjonskrav og oppfølging av sjukmeldte, er ferdigstilt. Arbeider nå med problemstilling 1 – kartlegging av sjukefråvær. Reknar med at dette arbeidet bør kunne avsluttast i nær framtid. (Men gjør merksam på nokon helgedagar i dei to neste vekene, i tillegg til tre dagar i møte utanfor kontoret) Det vil vere behov for gjennomgang/kvalitetssikring av data/informasjon før rapporten blir sendt til høyring. I bestillingsdokumentet blei rapporten førespegla å ligge føre innan 31.05, ein frist vi diverre vil trå over. Det er likevel revisor si målsetting at rapporten skal kunne presenterast så tidleg i juni som mogeleg.

Mvh
Stig Årdal
Forvaltningsrevisor
Kryss Revisjon
Tlf: 90 52 48 55

SEKOM-sekretariat	
Sakshandsamar:	Arnar Helgheim

Utval	Dato	Saksnr.	Vedtaksorgan
Kontrollutvalet i Solund	10.6.14	10/14	Nei
Formannskapet			Nei
Kommunestyret			Ja

Vedlegg:

Årsrekneskap og årsmelding (sendt frå Solund kommune)

Revisjonsmelding

Utkast til uttale frå kontrollutvalet

Andre dokument (ikkje lagt ved):**Tilråding frå SEKOM-sekretariat:**

1. Uttale frå kontrollutvalet om årsrekneskapen 2013 for Solund kommune vert vedteken.
2. Kontrollutvalet tilrår at rekneskapen for Solund kommune vert godkjent slik han ligg føre.

Kontrollutvalet si handsaming:**KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:****Saksutgreiing:**

SEKOM-sekretariat viser til årsrekneskap og årsmelding som er sendt direkte frå Solund kommune. Vi viser også til revisjonsmeldinga frå Kryss revisjon.

Revisjonsmeldinga inneheld ingen atterhald men har to presiseringar. Sekretariatet har omtalt begge desse i utkastet til uttale. Som det går fram av revisjonsmeldinga, har ikkje presiseringane betydning for konklusjonane i meldinga.

Sekretariatet rår kontrollutvalet til å uttale at rekneskapen kan godkjennast slik han ligg føre.

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn.

UTKAST

Til
Kommunestyret i Solund

10.6.14

UTTALE FRÅ KONTROLLUTVALET OM ÅRSREKNESKAPEN 2013 FOR SOLUND KOMMUNE

Årsrekneskapen 2013 for Solund kommune er handsama i kontrollutvalet i 10, 10.6.14.

Grunnlaget for handsaminga har vore:

- Den avlagte årsrekneskapen.
- Årsmeldinga frå rådmannen.
- Revisjonsmeldinga datert 13.5.14

Etter interne finanstransaksjonar er driftsrekneskapen gjort opp utan rekneskapsmessig meir eller mindreforbruk.

Investeringsrekneskapen er avslutta med eit mindreforbruk på kr 32.788,-. Det er kommunestyret som vedtek disponering av mindreforbruket.

Kontrollutvalet viser til presiseringar i revisjonsmeldinga:

- Ferdigstilling av investeringsprosjekt til politisk handsaming jf økonomireglement.
- Fristar for årsrekneskap (15.2.) og årsmelding (31.3.).

Kontrollutvalet tilrår at rekneskapen for Solund kommune vert godkjent slik han ligg føre.

Underskrifter

Rune Steinsund
Leiar

Heidi Sanden
Nestleiar

Steinar Krakhellen

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefonnummer		Org.nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 Førde	Hafstadvegen 42	post@sekom.no	Arnar Helgheim 57 61 27 84 975 81 418	Audhild Ragni Vie Alme 57 61 27 85 971 70 064	987 631 554	3705.08.32571

Solund kommune
Kommunestyretv/Ordføraren
6921 Hardbakke

Dykkar ref.: Vår ref.: Arkivkode: Journalnr.: Dokumentdato:
Rekn311213 Revmeld 2013/ame 212 2014/0012 13.05.2014

REVISJONSMELDING 2013

Uttale om årsrekneskapen

Vi har revidert årsrekneskapen 2013 for Solund kommune. Rekneskapen består av driftsrekneskap, investeringsrekneskap, balanserekneskap, økonomiske oversikter og noteopplysningar. Driftsrekneskapen syner eit positivt netto driftsresultat på kr. 2.309.388,-, og eit rekneskapsmessig resultat på kr. 0,- etter avsetningar og bruk av fond. Investeringsrekneskapen for 2013 er avslutta med eit mindreforbruk (overskot) på kr. 32.788,-.

Administrasjonssjefen sitt ansvar for årsrekneskapen

Administrasjonssjefen er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at den gjev ei dekkande framstilling i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk, og for slik intern kontroll som administrasjonssjefen finn nødvendig for å gjere det moglege å utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, korkje som følge av misleghald eller feil.

Revisor sine oppgåver og plikter

På grunnlag av vårt revisjonsarbeid er vår oppgåve å gje uttrykk for ei meining om denne årsrekneskapen. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, medrekna International Standards on Auditing. Revisjonsstandardane krev at vi etterlever etiske krav og planlegg og gjennomfører revisjonen for å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon. Ein revisjon inneber utføring av handlingar for å innhente revisjonsbevis for beløpa og opplysningane i årsrekneskapen. Dei valde handlingane avheng av revisor sitt skjønn, mellom anna vurderingar av risikoane for at årsrekneskapen inneheld vesentleg feilinformasjon, anten det skuldast misleghald eller feil. Ved ei slik risikovurdering tek revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for kommunen si utarbeiding av ein årsrekneskap som gjev ei dekkande framstilling. Føremålet er å utforme revisjonshandlingar som er føremålstenlege etter tilhøva, men ikkje å gje uttrykk for ei meining om effektiviteten av kommunen sin interne kontroll.

Regionskontor for kommunane:

Flora, Bremanger
Flora kommune, Strandgt. 43, 2. etg., 6900 Florø
Tlf. Terje Førde: 57 75 60 97, 57 61 26 40 eller
57 61 26 41, evt. mobil tlf. 99 22 92 27
Tlf. Trine Vokuhl, 57 75 60 96, 57 61 26 48;
- evt. mobil tlf. 91 74 20 35

Hovudkontor/regionskontor for kommunane:

Førde, Jølster, Naustdal, Gaular, Askvoll
Førde kommune, Rådhuset, Hafstadv 28, 6800 Førde
Postboks 487, 6802 Førde. Tlf. Terje Førde, 57 61 26 41
Tlf. Charles Litsheim, 57 61 26 42, mobil. 91 33 30 46
Tlf. Stig Årdal, 57 61 26 45, mobil: 90 52 48 55
Tlf. Kari Sygaa, 57 61 26 43, mobil: 97 98 13 22
Tlf. Asgeir Tveit, 57 61 26 44, mobil: 90 87 43 88

Regionskontor for kommunane:

Hyllestad, Fjaler, Gulen, Solund
Hyllestad kommune, 6957 Hyllestad
Tlf. regionskontoret; 57 78 85 47
Tlf. Aud Marit Nyland Eide, 57 61 26 46
- evt mobil tlf. 99 23 52 16
Tlf. Torill Nordstrand, 57 61 26 47;
- evt. mobil tlf. 47 65 50 93

Ein revisjon omfattar også ei vurdering av om dei rekneskapsprinsippa som er nytta, er føremålstenlege, og om rekneskapsestimata som er utarbeidde av leiinga, er rimelege, samt ei vurdering av den samla presentasjonen av årsrekneskapen.

Vi meiner at innhenta revisjonsbevis er tilstrekkelege og føremålstenlege som grunnlag for våre konklusjonar.

Konklusjon

Vi meiner at årsrekneskapen er lagt fram i samsvar med lov og forskrifter og gjev ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til Solund kommune pr. 31. desember 2013 og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta pr. denne datoen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal bokføringsskikk i Noreg; - jfr. likevel vår *presisering* nedanfor kring tidsfristar.

Uttale om andre tilhøve

Konklusjon om budsjett

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, meiner vi at dei disposisjonar som ligg til grunn for rekneskapen er i samsvar med budsjettvedtak, og at budsjettbeløpa i årsrekneskapen i all hovudsak stemmer med regulert budsjett. Vi minner likevel om Lov om kommunar og fylkeskommunar, §§ 46 og 47, som omhandlar årsbudsjettet sitt innhald og bindande verknad.

Det er gjort greie for vesentlege budsjettavvika i årsmeldinga.

Konklusjon om årsmeldinga

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen er i samsvar med årsrekneskapen og i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor og kontrollhandlingar vi har funne naudsynte etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE 3000, «*Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon elles begrensa revisjon av historisk økonomisk informasjon*»), meiner vi at leiinga har oppfylt sin plikt til å syte for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av Solund kommune sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god kommunal bokføringsskikk.

Presisering

Utan at det har betydning for våre konklusjoar ovanfor vil vi komme med fylgjande presiseringar:

- Solund kommune har i 2013 ikkje lagt fram egne rekneskap for ferdigstilte investeringsprosjekt til politisk handsaming. Vi syner til kommunen sitt eige økonomireglement, pkt.11.8.6 og 11.8.9, der det er stilt krav om dette.
- Fristen for avlegging av årsrekneskap er 15.februar og for årsmelding 31.mars.

Hyllestad, 13.05.2014

Kommunerevisjonen
Ytre Sogn og Sunnfjord
Postboks 107, 6801 Førde
Terje Førde
Revisjonssjef
Dagleg leiar/Revisjonssjef

Aud Marit Nyland Eide
Aud Marit Nyland Eide
Kommunerevisør I
KRYSS Revisjon
Kommunerevisjonen i
Ytre Sogn og Sunnfjord

SEKOM-sekretariat	
Sakshandsamar:	Arnar Helgheim

Utval	Dato	Saksnr.	Vedtaksorgan
Kontrollutvalet i Solund	10.6.14	11/14	Ja

Vedlegg:

Andre dokument (ikkje lagt ved):
Plan for forvaltningsrevisjon

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

1. Kontrollutvalet tingar følgjande revisjonsrapport: Vurder bemanninga og ressursbruken på ulike tenesteområde.
2. Rapporten tek utgangspunkt i KOSTRA si kommunegruppe, gjennomsnitt i fylket og 1 – 2 kommunar som det er naturleg å samanlikne med.
3. Rapporten skal gi eit overordna bilete av tenestene i Solund kommune med utvalde indikatorar.
4. Framlegg til prosjektplan skal ligge føre til handsaming i kontrollutvalet sitt møte den 4. september 2014. Frist for prosjektrapport: 31.4.2015.
5. Kryss revisjon får fullmakt til å gjere avgrensingar og tilpassingar i prosjektet.

Kontrollutvalet si handsaming:**KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:****Saksutgreiing:**

Prosjektet om sjukefråvær – kartlegging og oppfølging er no i sluttfasten (sjå skriv og meldingar). Det er då naturleg at kontrollutvalet vel og tingar nytt prosjekt. Vidare prioritering i plan for forvaltningsrevisjon:

- *Vurder bemanninga og ressursbruken på ulike tenesteområde.
- *Fastsetjing og innkrevjing av kommunale gebyr - Plan- og bygningssaker.

*Evaluering legevaktsamarbeid.

*Evaluering samhandlingsreforma

Dersom det er spesielle moment som ligg føre, kan kontrollutvalet endre prioriteringa eller ta inn eit nytt prosjekt. Sekretariatet er ikkje kjend med slike moment, og rår difor til at ein følgjer prioriteringa og tingar prosjektet «Vurder bemanninga og ressursbruken på ulike tenestoområde».

SEKOM-sekretariat legg opp til at denne saka kan gi nok avgrensingar til at det kan vere ei tinging til Kryss revisjon. I så fall, kan dei lage prosjektplan som kan handsamast på neste møte (4.9.).

Sekretariatet har hatt eit kort arbeidsmøte med Kryss revisjon for å drøfte innhald, avgrensing og framdrift i eit nytt prosjekt. Både sekretariatet og revisjonen ser det som utfordrande å lage eit formelt prosjekt som forvaltningsrevisjon om dette temaet. Det kan difor vere aktuelt å tinge ein revisjonsrapport i staden for ein forvaltningsrevisjonsrapport. Dette betyr i så fall at det er mindre formalkrav frå revisjonsstandard knytt til prosjektet. Etter vår vurdering vil det likevel bli eit nyttig prosjekt som kan gi kommunen oversikt over ressursbruken knytt til ulike område.

Det er ei utfordring å formulere gode og eintydige avgrensingar til prosjektet. Sekretariatet ser det som viktig med gode avgrensingar for å sikre at prosjekta ikkje vert for omfattande og at rapportane såleis kan leverast innan rimeleg tid. Vi ser føre oss to hovudtilnærmingar for dette prosjektet:

- a) Overordna bilde med nokre få indikatorar for alle tenester
- b) Gå i djupna med fleire indikatorar på ei eller få utvalde tenester

Sekretariatet rår til at kontrollutvalet tar utgangspunkt i alternativ a: Eit overordna bilde med få indikatorar for alle tenestene. Vi rår også til at rapporten avgrensast til samanlikningstal frå KOSTRA.

Det betyr i tilfelle at vi kan vente oss ein rapport som gir innblikk i korleis Solund kommune faktisk har brukt sine ressursar samanlikna med andre. I så fall, gjer ein ikkje noko vurdering om ressursbruken samsvarar med kommuneplan, økonomiplan, delplanar, årsbudsjett og liknande. På denne måten, meiner vi også at rapporten ikkje blir prega av å vurdere politiske beslutningar men heller gir statusinformasjon som grunnlag for framtidige val.

SEKOM-sekretariat	
Sakshandsamar:	Arnar Helgheim

Utval	Dato	Saksnr.	Vedtaksorgan
Kontrollutvalet i Solund	10.6.14	12/14	Ja

Vedlegg:

Oppfølgingslista

Andre dokument (ikkje lagt ved):**Tilråding frå SEKOM-sekretariat:**

Oppfølgingslista vert teken til orientering.

Kontrollutvalet si handsaming:**KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:**

Oppfølgingsliste 2-2014 - Solund.

Status saker handsama og spørsmål tekne opp i kontrollutvalet i Solund kommune

Saker som er avslutta vil ikkje kome med på neste statusrapport. Saker frå siste møte vert ståande som informasjon til etter neste møte.

Saker som er tekne opp	Dato	Merknad	Status
06/09 Kontrollutvalsarbeid – tiltak	11.02.09		Informasjon frå einingane. Kvartalsrapportar som skriv og melding. Tilsynsrapportar frå fylkesmannen som skriv og melding. Orientering frå revisor. Kvalitetsrapportar revisor vedrørende Solund. Årleg orientering byggjerekneskapar.
12/13 Forvaltningsrevisjon «Sjukefråvær – Årsaker og system for oppfølging» - tinging.	05.06.13		Vedtak : <ol style="list-style-type: none"> 1. Tinginga for prosjektet "Sjukefråvær – årsak og system for oppfølging" vert godkjent. 2. Tingingsdokumentet vert sendt over til KRYSS-revisjon for operasjonalisering. 3. Kontrollutvalet ber om tilbakemelding på tingsdokument i samsvar med RSK001 til neste møte i kontrollutvalet. 05.06.13 – Tinging sendt til KRYSS-revisjon.
18/13 Prosjektplan – forvaltningsprosjekt – sjukefråvær kartlegging og system for oppfølging	29.10.2013		Vedtak: Prosjektplanen for forvaltningsprosjekt – sjukefråvær kartlegging og system for oppfølging, vert godkjent. Skal leverast innan 31. mai 2014.
1/14 Godkjenning av innkalling og sakliste	13.3.2014		Vedtak: Innkalling og sakliste vart godkjent.
2/14 Skriv og meldingar	13.3.2014		Vedtak: Kontrollutvalet viser til årsmelding for 2013 frå Skatteoppkrevjaren i Solund kommune pkt 2.2.2 og ber om at ein føl utviklinga av marginalavsetninga, jfr SM 05-14. Skriv og meldingar vert elles teke til vitande. 17.3.2014 sendt e-post Solund kommune.
03/14 Møteplan for kontrollutvalet i Solund 2014	13.3.2014		Vedtak: Møteplan for kontrollutvalet i Solund for 2014 vert godkjent med følgjande vidare datoar: 10. juni, 4. september og 28. oktober.
04/14 Årsmelding 2013 frå kontrollutvalet i Solund	13.3.2014		Vedtak: Årsmelding 2013 frå kontrollutvalet i Solund vert godkjent. 17.3.2014 sendt Solund kommune/kommunestyre
05/14 Revisor sin eigen vurdering av ubundenskap	13.3.2014		Vedtak: Kontrollutvalet tek oppdragsansvarleg revisor for Solund kommune, Terje Førde, si eiga vurdering av oppdragsansvarleg revisor sin ubundenskap datert 8.1.2014 til vitande.
06/14 Oppfølgingsliste 1-2014 Solund	13.3.2014		Vedtak: Oppfølgingsliste 1-2014 vert teke til vitande
07/14 Eventuelt	13.3.2014		Vedtak: Det vart ikkje teke opp saker under eventuelt.

Oppdatert 17.3.2014 arva

13/14

EVENTUELT

SEKOM-sekretariat	
Sakshandsamar:	Arnar Helgheim

Utval	Dato	Saksnr.	Vedtaksorgan
Kontrollutvalet i Solund	10.6.14	13/14	Ja

Vedlegg:

Andre dokument (ikkje lagt ved):

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

Kontrollutvalet si handsaming:

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK: